Naturvernforbundet
i Møre og Romsdal

Tingvoll, 8.7.2025

Surnadal kommune
post@surnadal.kommune.no

KLAGE – DISPENSASJON SYKKELNETTVERK – TORVIKVEGEN 470

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal klagar på vedtaket dagsett 18.6.2025, som vi fekk kjennskap til 2.7.2025 etter førespurnad.

Sjølv om Naturvernforbundet ikkje er protesterande nabo som det er omtala i dokumentet, legg vi til grunn at vi har rettsleg klageinteresse i denne typen saker. Vi kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

I dokumentet er det handsaming av byggesak og dispensasjonssak frå kommuneplanen utan at dette er skild tydleg. Dermed kan det sjå ut til at dispensasjonen er gjeve med vilkår.

Det er ei rad manglar når det gjeld bruken av naturmangfaldlova i denne saka, slik at det vedtaket som er gjort kan vere ugyldig. Viss dispensasjonsvedtaket er ugyldig, manglar også føresetnadene for eit byggesaksvedtak.

Dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel
Det aktuelle arealet er eit LNFR-område. Det vil seie at tilhøvet mellom landbruk, natur, friluftsliv og reindrift ikkje er avklara i planen. I denne saka må ein finne ut om mellom anna naturomsyn må gå framom tiltak for reiseliv. For å gje dispensasjon må det vere klart meir til fordel enn ulempe å dispensere.

Ein føresetnad for å vurdere fordelar og ulempe er at slike moment er kjent. I denne saka er ein del moment heilt klart ikkje identifisert eller verdsett. Då er det ikkje mogleg å vurdere fordelar og ulempe mot kvarandre.

Kva er prosjektet i denne saka?
Vedtaket i denne saka går på ein sti frå A til B. Det er uttrykkeleg uttalt at dette er ein første bit av eit større prosjekt. Vidare er det tale om å opparbeide parkeringsplass i båe endane. Stien som dette vedtaket gjeld er i grunnen eit ganske lite tiltak, men vil opne opp for mykje større konsekvensar. Dette er omhandla i naturmangfaldlova:

> **§ 10.*(økosystemtilnærming og samlet belastning)***
>
> En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – E-post: moreogromsdal@naturvernforbundet.no – Org. Nr. 871367132
www.naturvernforbundet.no/mr

Å ta stilling til stien mellom A og B før ein har laga reguleringsplan for heile prosjektet er eit opplegg med bit for bit heilt til prosjektet er så stort at det har påverka alt det andre. I handsaminga av denne saka må verknaden av heile sykkelnettverket leggast til grunn.

Kartlagd naturmangfald
Det går fram av opplysningar frå Statsforvaltaren at naturtypekartlegging er gjort i 2008, utan at lokalitetar er påvist. Dette var ei supplerande kartlegging til den kartlegginga som var gjort i 2005. Om kartlegginga i 2008 seiar kartleggar: «*Resultata frå den supplerande kartlegginga har medført ein vesentleg auke i talet på verdifulle naturtypar i Surnadal kommune, og kunnskapen om det biologiske mangfaldet her har vorte ein god del betra. Det er likevel klart at det framleis står att mykje å finne og at ei rekkje verdfulle naturtypelokalitetar framleis ikkje er kjent i kommunen.*»

I kartlegginga av 2008 blir det nemnt kva som ikkje blei kartlagd i så stor grad: «*Myr, fjell og kulturlandskap vart ikkje prioritert*».

Det er ikkje kjent om areala i denne saka blei vurdert for kartlegging i 2008. Ein kan dermed ikkje legge til grunn at området har vore kartlagd.

Viss ein med noverande metode påviser naturtypelokalitetar som ikkje er påvist tidlegare, vil dette påverke vurderinga av ulempa knytt dispensasjonsvurderinga.

Kartlegginga i 2008 er elles gjort etter annan metodikk enn den som blir bruka no. Raudlista både for naturtypar og artar har vore revidert fleire gongar sidan då. Det er difor nødvendig å gjere konkrete vurderingar når det gjeld kva som er kartlagd før ein legg denne kartlegginga til grunn som tilstrekkeleg.

I saksdokumenta er nemnt bekkedal med gråor, skog med alm og djup myr. Det er sannsynleg at noko av dette bør bli kartlagd som naturtypelokalitetar som kan vere raudlista.

Bilete frå artikkel i Tidens Krav 28.1.2025 om saka. Dette er skog som bør kartleggast av biolog før ein gjer inngrep.	

Konsekvensanalyse
Tiltakshavar har utarbeidd eit dokument kalla konsekvensanalyse. Dokumentet er ikkje ei konsekvensutgreiing. Som kartleggingsdokument har det store manglar. Ingen kjent kartleggingsmetodikk ligg til grunn. Kunnskapen om raudlistene og artane er også mangelfulle.

Dokumentet er ikkje heilt utan nyttige opplysningar, men det bør i liten grad tilleggast vekt i sakshandsaminga, også fordi det er ein part i saka som har laga det.

Når det gjeld konsekvensutgreiing kan det vere eit spørsmål om tiltaket skal vurderast etter pkt. 12e i vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiing. 32 km med sykkelstiar kan nok samanliknast med t.d. ein golfbane eller ein temapark.

Bruk av vilkår
I vedtaket om dispensasjon følgjer det vilkår. Fleire av dei ser ut til å vere av eit slag som må vere umoglege å setje, knytt til eit vedtak om dispensasjon.

«*Det må gjerast greie for om stien går gjennom område med spesiell verdi for orrfugl, før bygging av sykkelsti kan starte. Orrfuglområde må ikkje bli forringa av sykkelstien.*» Dette er spørsmål som må vere avklara før kommunen vurderer dispensasjon

«*Naturskog skal ikkje hoggast for å gi plass til sykkelsti. Mindre delar av sti kan etablerast i område med naturskog, men bør leggast utanom for ikkje å forringe naturverdiane*.» Når ein les vilkåret, ser det ut til at traseen ikkje er fastlagd, og at det er opp til tiltakshavar å gjere det. Både gråorskog og alm er nemnt i saksdokumenta. Alm er høgt raudlista. Verken tiltakshavar i denne saka, eller nokon annan tiltakshavar bør sleppast laus på slik skog utan at dette er i meir faste former.

Reversibelt tiltak ?
Det står mellom anna om myrområda på Torvikfjellet at det skal leggast ut grus på duk ved passering av myr. I ei kalkyle ser vi oppført nesten ein halv million kroner til grus til heile prosjektet. Å få så mykje grus ut i terrenget på ein slik måte at det kan fjernast igjen, kjenner vi berre til eit døme på – restaureringa av skytefeltet på Hjerkinn. I det prosjektet var det ein tilgang til økonomiske middel i ein heilt annan storleik enn det ein kan tenke seg i Surnadal. Å legge til grunn at dette blir eit reversibelt tiltak blir feil.

Vi ser også at det er lagt opp til å flytte små grantre som står i traseen for å redusere inngrep. I avisartiklar ser vi furuskog som er hogd for bruk i bruer. I dette området er det godt mogleg at det er furua som er verdifull.

Heilskapeleg omsyn
Stien som no er omsøkt i seg sjølv treng ikkje vere noko stort problem. For Naturvernforbundet er det staden stien er planlagd som er hovudproblemet. Mellom Stangvik og Torvika er det ein bit av kommunen som er mindre tilgjengeleg. Det går ikkje veg langs sjøen. Det er heller ikkje skiterreng som blir noko særleg bruka. I alle fall noko av dette området er eit areal «som vernar seg sjølv» om det blir eit vernespørsmål. Men så er det ikkje slik, noko denne saka viser. Området som vil bli «punktert» av stien er eit område som ligg skjerma for mykje verksemd og skil seg ut som spesielt i så måte. Dette er ein kvalitet som er sjeldan. Dette området vil bli påverka mykje om det blir meir lagt til rette for ferdsel.

Vi antar at det finst areal i kommunen som er mykje meir prega av inngrep frå før enn dette området, som ein heller kunne bruke til eit slikt prosjekt.

Konklusjon
Dispensasjonsvedtaket bør opphevast. Heile prosjektet bør planleggast i form av reguleringsplan, slik at ein kan få fram ulike moment som ikkje kjem fram ved ein dispensasjon.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær